

# Feil veg til Ålesund

SUNNMØRSPOSTEN  
Torsdag 20. oktober 2011

MENINGER 17

**SAMBAND.** «Se mot Giske». Dette var overskrifta i leiaren i Summørsposten på måndag. Her er ein del faktiske feil i leiaren. Nordøyvegen AS vart stifta som eige selskap i oktober 1987, ikkje på 70 talet, i vedtektene står det rette nok at ein skal knyte fastlandet i Haram til øyane både i Haram og Sandøy kommune saman.

**Feil retning.** Sunnmørsposten er oppteken av at vegen skal gå frå Lepsøy til Vigra i staden for til Hildre (Skjelten). Tanken om å gå frå Lepsøy til Vigra har vore framme tidlegare, men har aldri vore eit reelt alternativ. Frå Skjelten til Ålesund er det nær 60 kilometer før ein er i Ålesund. Så ventar ytterlegare 20 minutt køyring for ein er på flyplassen på Vigra, står det. Når vi frå Haram skal til Vigra, køyrer vi Ellingsøy, og då blir turen til Vigra om lag fem minutt lengre enn turen til Ålesund.

**Nordøyvegen.** Byggekostnaden for Nordøyvegen er førebels berekna til 1,8 mrd. Ser vi på kva innbyggjarar, næringsliv og kommunane Haram og Sandøy skal bidra med økonomisk i denne samanheng, er det mange som har noko å lære dersom dei vil ha realisert prosjekt. For oss er dette den beste måten å bygge vegen på, og det er skuffande å sjå at det vi held på med i Sunnmørspostens sine auge ikkje er mykje framtidretta.

**Hamnsundsamband.** Heldigvis er fylkespolitikarane i Møre og Romsdal einige med oss. Vi i Haram og Sandøy er oppteken av kommunikasjonen til Ålesund, med då er ikkje vegen om Giske løysinga, då må Hamnsundsambandet byggjast, noko Sumpen sjølv har peika på tidlegare.

**Ikkje oppdatert.** Leiaren ber



Ordfører Bjørn Sandnes i Haram.

preg av at redaktøren i Sunnmørsposten ikkje er heilt oppdatert på kva som skjer ute i distriktet, og heller ikkje kva det vil seie å planlegge store vegprosjekt. Eg vil hermed invitere redaktøren til ein rundtur i Haram og Sandøy. Eg

håper du tek imot invitasjonen, eg kjem til å ringe deg ein av dei første dagane.

BJØRN SANDNES  
Styreleiar i Nordøyvegen AS